

Bergen 29.06.18

## Søknad om støtte til tiltak for born og unge: FERIESPEL 2018

Hordaland fylke har på landsbasis den største tettleiken av medlemskorps tilknytt NMF. Som einaste fylke i landet kan Hordaland smykke seg med at dei har leiande korps i alle kategoriar – uansett om det er brassband, janitsjarkorps, amatørkorps eller skulekorps det er snakk om. Det seier litt om kva nivå dei beste korpsa i fylket vårt har, og kva kompetanse som finst her. Dette er ikkje grunna tilfeldigheter eller flaks. Den kompetansen som regionen no har er utelukkande resultat av hardt arbeid over lang tid frå enkeltpersonar og lag.

Korpsmiljøet i Noreg er stort - og særleg i distrikta er skulekorpsa eit viktig bindeledd i lokalmiljøet. Dei foreiner born og unge, foreldre og besteforeldre - og ynskjer tilflyttarar velkomen. For mange bygder i Noreg er det to ting som heldt liv i lokalsamfunnet: fabrikk og musikken.

Å spele saman i skulekorps er ein aktivitet, som byggjer samhald og venskap på tvers av aldersgrenser, kjønn og kulturell bakgrunn. Speling i korps er med på å auke både sjølvstende, samarbeidsevne og evna til å ta ansvar – ei verdfull erfaring til hjelp i andre samanhengar, til dømes på skulen og ikkje minst seinare - i arbeidslivet.

På landsbasis er medlemstala i skulekorpsa synkende. Det er svært mange som startar, men dei fell frå tidlegare enn før. Årsaka til dette er det for tidleg å slå 100% fast, men me ser at det manglar mykje på undervisnings- og motivasjonssida.

I løpet av dei siste åra har Eikanger-Bjørsvik erfart at uten bredde finst det ingen elite. Difor har Eikanger-Bjørsvik brukt utallige dugnadstimar på skulekorpsmiljøet, for å bidra til å stetta denne viktige tradisjonen.

I juli 2018 arrangerer EBML Feriespel for 21. gong. Her er mellom 70 og 100 born og unge frå 9 til 19 år samla i fire dagar for å få undervisning, både i grupper og i samlingskorps. Høgt kvalifiserte instruktører gjer dette arbeidet på dugnad. Dette gjev minner for livet og inspirasjon til øving - som igjen gjev ei oppleving av meistring og glede over hobbyen.

Deltakarane på Feriespelet var i starten utelukkande frå Nordhordlandskommunane, men dei siste åra har det vore born og unge tilstades frå heile fylket. Frå Masfjorden i nord, Øygarden i vest, Stord i sør og Eidfjord i aust.

Med base i eige Musikkhus i Knarvik – og med gode samarbeidspartnarar som Knarvik ungdomsskule, Nordhordlandshallen og den nye Knarvik kyrkje – ser me fram til Feriespel 2018: torsdag 26. til søndag 29. juli.

Sølvi Ones

For Eikanger-Bjørsvik

[www.ebml.no](http://www.ebml.no)